

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 29.05.2017
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Pål Iden og Charlotta Schaefer
SAKA GJELD: **Regional koordinerende eining for simulering - RegSim**

ARKIVSAK: 2016/3056
STYRESAK: 063/17

STYREMØTE: 21.06. 2017

Administrerende direktør si orientering pkt. 4

Bakgrunn

Direktørmøtet i Helse Vest var i møte 3. april samde om at det skal etablerast ei regional koordinerende eining for simulering og ferdigheitstrening i Helse Vest, såkalt *RegSim* (direktørmøtesak 24/17). Dette blei gjort på bakgrunn av den utgreiing som direktørmøtet bestilte 5. desember (sak 76/16).

Arbeidet har vore organisert som ei regional utgreiing, der helseføretaka har meldt inn representantar til ei styringsgruppa under leiing av Helse Vest RHF. Private ideelle og tillitsvalt har også vore representert i styringsgruppa. Helseføretaka har levert bidrag til styringsgruppemøte, etter fastsatt milepæls plan. Det blei gjennomført fire styringsgruppemøter under våren 2017.

Styringsgruppa var satt saman med følgjande representantar:

Verksemd	namn
Helse Vest RHF	Hilde Christiansen
	Pål Iden
	Charlotta Schaefer
	Johanne Kalsheim
Helse Bergen HF	Alf Henrik Andreassen
	Anita Lyssand
Helse Stavanger HF	Eldar Søreide
	Sigrun Anna Qvindesland
Helse Fonna HF	Haldis Økland Lier
	Rolf Brattli

Helse Førde HF	Kristine Longfellow
	Laila V. Helgheim
PIV	Petter Thornam
	Gunn Glimsdal
KTV/KHVO	Janne Bethuelsen
RegUt	Ansgar Berg

Aktuelt

Styringsgruppa konkluderte med at det er behov for ei felles regional koordinerende eining for simulering (RegSim). RegSim skal gi støtte til helseføretaka for å auke kompetansen innan simulering, drifte ferdigheitssenter og forbetre kartlegging av simuleringsaktivitetar i regionen.

Etter konklusjonen i direktørmøte 3. april og gjennomgang av saka i leiarmøte i Helse Vest RHF 23. mai, blei oppdraget om å etablere RegSim sendt ut til helseføretaka og Haraldsplass diakonale sykehus den 30. mai (vedlegg). Helse Stavanger skal leie arbeidet i samarbeid med SAFER. Fagdirektørmøtet i Helse Vest skal fungere som styringsgruppe for RegSim.

Drifta til RegSim skal evaluerast etter to år, dvs. innan utgangen av 2019. Det vil deretter gjerast ei vurdering av vidare drift og behov for simuleringstrening og simuleringskompetanse i Helse Vest.

RegSim skal utarbeide ein årleg rapport frå verksemda med frist 31. januar det påfølgjande året. Rapporten bør gjere greie for aktivitetar til RegSim og beskriving av oppnådde mål i samsvar med mandat.